

Hordaland fylkeskommune hfk@hfk.no

Utval for opplæring og helse (e-post til medlemmene)

Service og samferdsel / Transport og logistikk må ikkje flyttast frå Knarvik vidaregåande skule

I samband med rulleringa av skulebruksplanen for dei vidaregåande skulane i Hordaland vil Regionrådet i Nordhordland koma med dette innspelet.

Programområdet Transport og logistikk vart etablert på Knarvik vidaregåande skule i 2010 etter at næringslivet i regionen, i samarbeid med Nordhordland handverk- og industrilag, melde dette som eit behov. Bakgrunnen var stor trong for fagfolk innan fagfeltet, spesielt blant dei store logistikkverksemdene i Mongstad-området. I åra etter har programområdet blitt eit populært val for ungdom i regionen, og dei siste åra har så å seia alle som ønskjer det, fått læreplass.

Det er fleire årsaker til at Nordhordland er logistikkregionen. Statoil sin hovudbase for Nordsjøen er lagt til Mongstad og her vil og olja frå Johan Sverdrup-feltet førast i land, noko som vil krevja basefunksjonar og fagarbeidarar innan logistikkfaget. CCB har overtatt Mongstadbase og vil satsa vidare der. Veletablerte verksemdar som Alfa Laval-konsernet (tidlegare Framo) og Radøygruppen er og mottakarar av elevar frå dette fagtilbodet på Knarvik vidaregåande skule.

Transport og logistikk er eit utstyrs- og ressurskrevjande programområde som er avhengig av eit godt samarbeid med lokalt næringsliv for å fungera best mogleg. Det ein gjer er å *leggje ned* tilbodet på Knarvik og så må ein *byggje opp* eit nytt tilbod i Åsane. Dette er ein krevjande prosess, ein *flyttar* ikkje berre eit slikt tilbod. Kva garantiar har ein for at dette vil vere vellukka?

For Knarvik vidaregåande skule vil flyttinga av utdanningsprogrammet vere eit hardt slag mot mangfaldet på skulen. I 2012 auka ein talet på Vg1-klassar innan Service og samferdsel, dette skjedde i ei tid når andre skular opplevde nedgang i elev- og klassetalet. Det er og ein stor føremon at utdanningsprogrammet er lagt til skular som har studiespesialisering, sidan faglærarane ofte også er lærarar i økonomifag på dette utdanningsprogrammet.

Med denne bakgrunnen meiner Regionrådet i Nordhordland at konklusjonen må vere klar: Utdanningsprogrammet Service og samferdsel og programområdet transport og logistikk må framleis vera på Knarvik vidaregåande skule.

Saka vart handsama og vedtatt i Regionrådsmøte 29. februar 2016.

Knarvik, 2. februar 2016



Karstein Totland
Leiar
Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit
Dagleg leiar
Nordhordland Utviklingsselskap IKS